



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
121/18	Formannskapet	10.12.2018
096/18	Kommunestyret	10.12.2018

Reguleringsplan Kvamen, del av gbnr 58/1 og 58/2

Rådmannen sitt framlegg:

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 vert detaljreguleringsplan for Kvamen, del av gbnr 58/1 og 58/2 vedteken.

Vedlegg i saka:

30.11.2018	Planskildring	196700
30.11.2018	201801_plankart_ 20181126	196697
03.12.2018	Føresegner	196813
30.11.2018	Skredfarevurdering for næringsområde og kaianlegg ved Kvamen i Fjaler versjon 2	196710
30.11.2018	617377-PLAN-NOT-01-Vurdering etter naturmangfoldsloven 12.04.18	196704
30.11.2018	617377_RIGm_NOT_001_nitrogen	196703
30.11.2018	10205433_RIAKU01_REVO Vurdering av støy frå Kvammen tømmerkai_A	196705
30.11.2018	Kvammen tømmerkai - støysonekart Lden dag	196706
30.11.2018	Kvammen tømmerkai - støysonekart Lden kveld	196707
30.11.2018	Kvammen tømmerkai - støysonekart Lden natt	196708
30.11.2018	Kvammen tømmerkai - støysonekart Ln natt	196709
23.08.2018	Svar - Reguleringsplan Kvamen - offentlig ettersyn.pdf	190644
17.08.2018	Reguleringsplan Kvame - Offentleg ettersyn	190433
17.08.2018	18/00062-3 - Merknad til detaljreguleringsplan Kvamen.	190430
17.08.2018	Merknader til plan for tømmerkai i Kvamen	190396
17.08.2018	MDG sine merknader til reguleringsplan Kvamen - offentlig ettersyn	190395
14.08.2018	Offentleg ettersyn - Detaljreguleringsplan for Kvamen - Del av GBnr 58/1 og 2 - Fjaler kommune. NVEs referanse: 201800660-4	190291
13.07.2018	Fråsegn til høyring av forslag til detaljreguleringsplan for	189388

12.07.2018 Kvamen, del av gbnr. 58/ og 2
Fjaler kommune Sogn og Fjordane - Uttale til offentlig
ettersyn av reguleringsplan for Kvamen (L)(2543238)(1).pdf 189355

10.12.2018 Formannskapet

Handsaming:

Ingeniør Connie Hovland frå teknisk kontor deltok under handsaminga.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FOR-121/18 Vedtak i:

Formannskapet sitt framlegg til kommunestyret:

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 vert detaljreguleringsplan for Kvamen, del av gbnr 58/1 og 58/2 vedteken.

10.12.2018 Kommunestyret

Handsaming:

Ingeniør Connie Hovland frå teknisk kontor deltok under handsaminga.

Endringsframlegg frå Mark Taylor (MDG):

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 vert detaljreguleringsplan for Kvamen, del av gbnr 58/1 og 58/2 vedteken med følgjande endringar til føresegn 3.1 Kombinert byggje- og anleggsformål (BKB):

Setninga: «Det skal etablerast minimum 10 parkeringsplassar per 1000 m2 kvadratmeter bygg.» blir erstatta med:

- Det skal etablerast minimum 10 bilparkeringsplassar per 1000 m2 kvadratmeter bygg.
- Minimum 8% av parkeringsplassar skal vere tilrettelagt for funksjons-/rørslehemma.
- Det skal etablerast minimum 2,5 sykkelparkeringsplassar per 1000m2 kvadratmeter bygg.
- Sykkelparkering skal ha ei plassering og utforming som gir rask og enkel tilkomst.
- Sykkelparkering skal i størst mogleg grad være utforma med ly for nedbør og vind.

Røysting:

Det vart først røysta over endringsframlegget frå MDG, som fekk 2 røyster og fall (MDG og SV).
Formannskapet sitt framlegg vart deretter samrøystes vedteke.

KOM-096/18 Vedtak i:

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 vert detaljreguleringsplan for Kvamen, del av gbnr 58/1 og 58/2 vedteken.

Saksutgreiing:

Saka gjeld detaljregulering av Kvamen, del av gbnr 58/1 og 58/2, og er ei endring av tidlegare reguleringsplan for Kvamen (PlanID 1429 2010 01). Tiltakshavar er Kvamen Kai AS og grunneigar er Runa Haugland Sylta. Plankonsulent er Multiconsult Norge AS.

Føremålet med planen er å etablere ny tømmerkai og nytt næringsareal i Kvamen. Planendringa omfattar omregulering av deler av arealformåla (hytter, småbåthamn og campingplass) til ytterlegare næringsareal og utviding av kaiareal. Plangrensa er utvida ein del for å få plass til tilstrekkeleg og stabil fylling i sjø. Planen legg og til rette for mottak av tunnelmassar frå utbetring av fv 57 som er under planlegging.

Reguleringsplanen for Kvamen har vore lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 22.06.2018 til 17.08.2018. Det kom inn 8 merknader til planframlegget.

Fjaler kommune har i brev datert 31.10.2018 bedt tiltakshavar om å vurdere nokre problemstillingar basert på innkomne merknader før vidare handsaming av saka. Tiltakshavar har vurdert dette og har gjennomført ei oppdatering av skredfarevurderinga, utarbeidd støysonkart og ei vurdering av nitrogeutslepp frå sprengstein. Basert på innspel og nye vurderingar er det gjort mindre endringar i planomtalen, plankartet og føresegnene.

Innkomne merknader er oppsummert og kommentert nedanfor.

Vurdering:

Fiskeridirektoratet, brev datert 12.07.2018

Fiskeridirektoratet region Vest har ingen merknader til offentleg ettersyn av reguleringsplanen. Våre merknader er i stor grad tatt omsyn til i planframlegget. Det er lagt inn krav om bruk av siltgardin og at fylling i sjø skal skje på hausten og tidleg vinter. Sogn & Fjordane Fiskarlag har fått saka til høyring ved offentleg ettersyn.

Rådmannen sin kommentar

Teke til etterretning

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, brev datert 13.07.2018

Natur og miljø

Kunnskapsgrunnlaget i sjø er mangelfullt i området. Etter vår vurdering burde det vore gjennomført registreringar av naturmangfald. Sidan det ikkje er planlagt tilsvarende tiltak i andre delar av Dalsfjorden, at området alt er påverka av utfylling, at området er avsett til næring, og at tømmerkaien er eit viktig næringsmessig tiltak som har vore planlagt over lang tid, finn me, trass i manglande kunnskapsgrunnlag, likevel å kunna akseptera tiltaket.

Lengst sør i planområdet er det fire bekkedrag som renn i kulvert under vegen, og vidare gjennom planområdet og uti sjøen. Det er positivt at det er innarbeidd krav om at det må dokumenterast uendra vasskvalitet frå bekkar ved utløp til Dalsfjorden etter realisering av tiltaket.

Heile Dalsfjorden ut til Holmedal har status som nasjonal laksefjord. Rekkefølgeføresegnene om at «Utfylling i sjø skal skje på ein mest mogeleg skånsam måte og i all hovudsak føregå på sein haust og tidleg vinter» er positivt for å unngå smoltutvandringa og det meste av oppvandringa av gytetisk. Føresegnene er ikkje klare på kva som er meint med sein haust. Me vil peika på at sjøaure vil kunne vandra opp heilt fram til gytetida i enkelte elvar.

Støy

Generelt reknar ein med at minst 25 % av folk i støyutsette område er plaga av uønskt støy, jamvel

om støynivåa held seg innanfor fastsette grenser.

Me konstaterer at aktiviteten i området, gitt dei føresetnadane som er lagt til grunn i støyvurderinga, vil tilfredsstilla støygrensene i T-1442. Det er peika på at nattleg lasting av tømmer og tilhøyrande slaglydar likevel kan vera sjenerande for dei mest utsette bustadane.

Det er ikkje uarbeidd støysonekart i samband med støyvurderinga. I punkt 2.10 i planføresegnene er det sagt at det bør utarbeidast støysonekart for planområdet. Bør-formuleringar er upresise. Me rår kommunen til å vera tydleg i planføresegnene.

Ureining

Me ser det som positivt og eit viktig avbøtande tiltak, at det i reguleringsføresegnene er stilt krav om siltgardin før utfylling i sjø.

Det kjem fram at planen legg til rette for mottak av tunellmassar frå utbetringa av fylkesveg 57 som er under planlegging. Me føreset at det er snakk om mottak/bruk av reine tunellmassar i området, og at dei t.d. ikkje er ureina av plast.

Andre innspel til føresegnene

I punkt 2.10 er det opna for at det kan setjast opp bygningar og installasjonar som er nødvendige for drifting av kai og anna verksemd. Me rår kommunen til å vurdere om føringane er presise nok m.o.t. kva ein opnar for her. Det er fastsett mønehøgde for bygningane, medan det ikkje er føringar knytt til utnyttingsgrad.

Føringa «så langt praktisk mogleg» i § 8 er upresis. «Etter avslutta anleggsperiode skal områda så langt praktisk mogleg tilbakeførast til opphaveleg formål og stand». Me rår kommunen til å vera tydeleg, slik at det ikkje blir eit spørsmål om kva «så langt praktisk mogleg» vil sei. Utgangspunktet må vera at områda skal tilbakeførast.

Rådmannen sin kommentar:

Merknad til natur og miljø og ureining er teken til etterretning. Det er gjennomført ei tilleggsvurdering av mulige påvirkningar på Dalsfjorden som følgje av nitrogenforbindelsar frå sprengstein knytta til utfylling i sjø. Samandrag frå vurderinga:

Det vurderes slik at utfyllingen ikke vil gi konsentrasjoner av nitrogen-forbindelser som vil redusere miljøtilstanden i Dalsfjorden. Mengden av nitrogen som vil bli sluppet ut er relativt lav, utfyllingen er begrenset i mengde og tid, og Dalsfjorden er en stor resipient. Tilførte nitrogenforbindelser vil bli fortynnet. Det er ikke ventet kritisk høye konsentrasjoner av ammoniakk, eller problemer med eutrofiering som en følge av utfyllingen.

Det er følgjande krav i føresengene:

Utfylling i sjø skal skje på ein mest mogeleg skånsam måte og i all hovudsak føregå på sein haust og tidleg vinter. Før utfylling i sjø skal det settast opp siltgardiner som tilstrekkeleg hindrar spreining av finpartiklar som kan vere til skade for livet i sjøen. Utsetting av siltgardin skal gjerast i samråd med fagkyndige.

Støyvurderinga viser at planlagt aktivitet vil tilfredstille støygrensene i T-1442. Føresegnene om at det bør utarbeidast støysonekart er no tatt vekk. Det er utarbeidd støysonekart for området og det ligg inne følgjande krav i føresegnene:

Dette vert ikkje tillate at aktivitet i planområdet skal gje støynivå ved støyfølsame bygg og område over nedre grenseverdi for øvrig industri i tabell 1 i T-1442:2016. Det skal utførast ei støymåling under lasting av tømmer etter at tømmerkaia er satt i drift.

Fylkesmannen viser til at det i punkt 2.10 er det opna for at det kan setjast opp bygningar og

installasjonar som er nødvendige for drifting av kai og anna verksemd og ber kommunen vurdere om desse er presise nok. Rådmannen antar at fylkesmannen her meiner punkt 4.3 som gjeld kaiareal. Bygningar innanfor kaiarealet er begrensa til det som er naudsynt for drifting av kai og anna verksemd og gjeld då i hovudsak tekniske bygg og anlegg. Andre bygg er ikkje tillate. Rådmannen vurdere at føresegnene er tilstrekkelege for dette føremålet.

NVE, brev datert 14.08.2018

Generelt rår NVE frå å bygge ut område som treng sikring for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik. Ein pådreg seg eit ettersyns- og vedlikehaldsbehov over lang tid der kostnader og ansvar kan være utfordrande å plassere og følgje opp. Ut frå tilhøva på staden bør Fjaler kommune vurdere om planområdet er det rette arealet for næringsverksemd i form av kontor, forretning og lager. I dette tilfellet er den dimensjonerande skredtypen ein skredtype som vil auke i frekvens på grunn av klimaendringane. Skredtypen er òg vanskeleg å modellere storleik og utlaupslengde på. Marginane er såleis små i høve til alvorlege hendingar. Slik vi tolkar føresegnene er ikkje planen til hinder for tiltak i tryggleiksklasse S3.

Dersom Fjaler kommune likevel vel å gå vidare med planframlegget meiner vi at kommunen må arbeide vidare med nokre problemstillingar. SGC foreslår å sikre mot lausmasseskred ved å utvide bekkefar og grøfter i planområdet slik at dei fungerer som leiekanalar for skred. Dei skriv vidare at plassering og utforming må utgreiast vidare. Etter vårt syn bør planen detaljerast meir i høve til desse sikringstiltaka.

Det bør gjerast greie for kor store skredmassar desse leiekanalane skal ta hand om, og kanalane må dimensjonerast deretter. I planen bør det så settast av areal der skredmassane skal kunne gå. Slik kanalisering kan også føre til lengre rekkevidde, slik at areal som no er vurdert som trygt nok, i verste fall får redusert tryggleik. Vidare kan ein ikkje sjå bort frå at det kan vere naudsynt med slikkanalisering også sør for vegen. Vi meiner arealet som det skal gjennomførast tiltak i bør innarbeidast i planområdet.

Ein føresetnad for at snøskredfaren mot planområdet er avgrensa er i følgje SGC at det veks skog i lausneområdet. Fjaler kommune må etter vårt syn syte for tiltak som sikrar at skogen sin risikoreduserande effekt vert teken vare på. SGC bør kartfeste dei aktuelle områda med skog. Planområdet bør utvidast til å omfatte denne skogen slik at ein kan innarbeide restriksjonar på/føringar for hogst i reguleringsplanen.

Rådmannen sin kommentar

Tiltakshavar har fått SGC til å utføre ei tilleggsvurdering av naudsynte sikringstiltak i området. Forslag til tiltak er at det vert etablert ein leievoll som vil lede eit eventuelt skred vekk frå næringsarealet. Plassering av ein slik vll er skissert i skredvurderinga frå SGC. Det er innarbeidd eit bestemmelsesområde i plankartet med følgjande føresegner:

Innanfor føresegnområde #3 Vilkår for bruk av arealer, bygninger og anlegg (2) kan det oppførast voll eller andre skredsikringstiltak.

Det er og lagt inn følgjande rekkjefølgjekrav for utbygging av område BKB3:

Før det vert gitt byggeløyve for BKB3, må det utarbeidast ein plan for skredsikringstiltak som tilfredsstiller krav til tryggleiksklasse 2 i TEK17.

Omsynssonene for skredfare er utarbeidd under føresetnad av dagens vegetasjonsforhold. Ein kan ta ut avgrensa uttak av skog til husbruk, men uttak av større mengder skog som td. flatehogst kan påverke skredfaren. For å ivareta dette er det lagt inn følgjande føresegn i planen:

Føresetnaden for avgrensing av omsynssonene er at skogen ovanfor planområdet vert ståande tilsvarande slik den er i dag. Figur 28 i skredrapporten frå SGC viser skogsområde som har vernande effekt på skredfaren. Mindre uttak til husbruk og vanleg skjøtsel er tillate, men større uttak og flatehogst innanfor område markert i rapporten frå SGC er ikkje tillate. Før det eventuelt kan gjennomførast omfattande uttak av skog eller flatehogst i lia sør for planområdet må det

gjennomførast ei ny skredfarevurdering og skredsikringstiltak om naudsynt.

Rådmannen vurderer at med endringane som er gjort er krav til sikkerheit mot naturfare og sikring av areal til sikringstiltak ivareteke på ein god måte.

Miljøpartiet dei grøne (MDG), brev datert 06.08.2018

Merkanden må lesast i sin heilskap.

Merknad 1: For å unngå auke i klimagassutslepp, må kommunen ikkje tillate forretningar i planområdet. Om kommunen vel likevel å gje løyve for forretningar, skal kommunen gje føresegnar som avgrensar biltransport til planområdet.

Merknad 2:

- Talfest maks grense for bilparkering.
- Lokalisering av bilparkering så langt mot utkanten av planområdet som mogleg, slik at det blir nær same gåavstand til bil som til kollektivstopp.
- Planforslaget må innehalde parkeringsareal til utsleppsfrie køyretøy og sykklar, helst med høve til lading.
- Sykkelparkering blir lokalisert ved inngangen, i alle fall nærare inngangsparti enn bilparkering.
- Sykkelparkering bør byggjast med stativ og tak.

Merknad 3: Bygningane bør ha grønt-tak av biologisk materiale (t.d. mose og sedum). I minste fall, skal takflater vere tekket med torv, tre eller skifer.

Merknad 4: For å passe inn estetisk med omgjevnaden, skal bygningane vere kledd med stein eller tremateriale, oppført i miljøvenlege materiale. Trekledning skal behandlast med beis i brun eller mørk rød, evt. stå utan overflatebehandling.

Merknad 5: Naturmangfaldundersøking/marine kartlegging i sjøen før gjennomføring av planen.

Merknad 6: Mindre endring til § 8 BESTEMMELESESOMRÅDE (PBL §12-7) i føresegnene som presiserer løyve til berre mottak/bruk av reine tunnelmassar som ikkje er ureina av plast i planområdet.

Merknad 7: Mindre endring til punkt 2.10 i planføresegnene: Det skal utarbeidast støysonekart for planområdet.

Merknad 8: Tillegg til føresegnene 2.9: Stasjonen må ikkje plasserast slik at areal og bygningar som skal nyttas til opphald blir liggjande innanfor stasjonen sitt magnetfelt (meir enn 0,4 mikrottesla).

Rådmannen sin kommentar:

Merknad 1: Det er lagt inn føresegnar som avgrensar bruken av området til dagligvarehandel.

Merknad 2: Det er sett krav til minimum 10 parkeringsplassar pr 1000m² bygg og desse bør plasserast innanfor bygeområdet for BKB. Det kan og etablerast sykkelparkering i området.

Merknad 3 og 4: Det er lagt inn følgjande føresegn om materialbruk: *I val av materiale på fasade skal ein nytte berekraftige materialar og matte flater. Bruk av fargar på fasaden skal ikkje stikke seg ut i landskapet.*

Merknad 5: Ikkje teken til følgje.

Merknad 6: Ivareteke i føresegnen med krav om siltgardin.

Merknad 7: Det er utarbeidd støysonekart for området og det ligg inne følgjande krav i føresegnene: Dette vert ikkje tillate at aktivitet i planområdet skal gje støynivå ved støyfølsame bygg og område over nedre grenseverdi for øvrig industri i tabell 1 i T-1442:2016. Det skal utførast ei støymåling under lasting av tømmer etter at tømmerkaia er satt i drift.

Merknad 8: Ved etablering av nettstasjon må ein følgje gjeldande regelverk og forskrifter.

Håvard Laukeland, Knut Arne Laukeland og Olav Kvalheim, e-post datert 16.08.2018

- Støy: I vedlegget om støyvurderingar er det ikkje nemnt noko om dei spesielle, topografiske tilhøva i Kvamen og denne delen av Dalsfjorden. Fjordrommet her har form nærast som eit amf i tillegg til at fjorden er svært smal med relativt høge fjell på både sider. Me er difor urolege for a støy likevel kan verte eit problem, spesielt på stille dagar/kveldar/netter når lyden ber ekstra god

mellom fjellveggane. På nordsida av fjorden, nær tømmerkaia, er det mellom anna fleire born i skulealder, og me ser føre oss at det kan verte forstyrrende for både born og vaksne når båtar kjem seint på kveld og skal laste opp til ti timar utover natta. Når ein no skal byggje ei ny, stor tømmerkai, bør ein ikkje då ta lærdom av tidlegare utbyggingar og plassere ho lenger frå folk og gjerne ved ein breiare fjord eller lenger ute på kysten? Me registrerer jo at slike kaier får klager på støy, spesielt nattestid.

- Estetikkturisme: Det vert snakka ein del om utvikling av turisme i Dalsfjorden. Det er fisketuristar og andre som vitjar området, og ein kan lett tenkje seg at fleire vil leggje til rette for og arbeide innanfor reiselivsnæringa i åra framover, òg innanfor området nær den planlagde tømmerkaia. Kaia skal liggje på ein av dei beste utsiktsplassane i fjorden, med utsikt til fjorden, Laukelandsfossen og fjella på nordsida, det er jamvel fleire bubilturistar som overnattar på fyllingane som allereie ligg der. Dalsfjorden er ein nasjonal laksefjord der kaia vil liggje innanfor det planlagde, marine verneområdet. Då synest det underleg at ein skal til med større utfyllingar i fjorden og ein slik industriell aktivitet nett her.

Me vil nytte høvet til å rette kritikk mot tiltakshavarane for at ingen av dei næraste innbyggjarane på nordsida av fjorden har fått brev/nabovarsel om prosjektet. Det var grunnen til at me ikkje fekk med oss høyringsfristen for førre skriv, i vinter.

Rådmannen sin kommentar

Det er utarbeidd støysonekart for området og det ligg inne følgjande krav i føresegnene: Dette vert ikkje tillate at aktivitet i planområdet skal gje støynivå ved støyfølsame bygg og område over nedre grenseverdi for øvrig industri i tabell 1 i T-1442:2016. Det skal utførast ei støymåling under lasting av tømmer etter at tømmerkaia er satt i drift.

Området i Kvamen er i tidlegare reguleringsplan godkjent som område til næring og kai. Det er delvis utbygd og rådmannen ser det som ein fordel å utvide og samlokalisere sjøretta aktivitet på eit område som allereie er delvis opparbeidd og godkjent til denne typen næring. Etablering av tømmerkai er og i tråd med gjeldande reguleringsplan frå 2010.

Sunnfjord Energi, brev datert 17.08.2018

Det har alt vore kontakt mellom Sunnfjord Energi og tiltakshavar Kvamen Kai AS om straumtilknytning av tømmerkai på gards- og bruksnummer 58/ 1 i Fjaler kommune. er til at dei ikkje har elektriske anlegg i området. I tidlegare merknader til oppstart planarbeid er det kome forslag om å inkludere ladestasjonar/ landstraum i området. Dersom dette vert realisert, vil ein mest truleg ha behov for store effektuttak nær ved.

Det er vanskeleg å vite maksimaleffekten samla for dette næringsområde. Det vil variere alt etter type næring, utnyttingsgrad for område, oppvarmingskjelder etc. Eit område av denne storleik som skal nyttast til næringsformål vil mest truleg medføre at ny nettstasjon må etablerast.. Nettstasjonen bør av omsyn til effektuttaket plasserast nær lasttyngdepunktet. Det er ynskjeleg at den vert plassert minim

Utbyggar bør ta kontakt med nettselskapet for å avklare behov for nettutbygging og utforming av nettløysning i god tid før arbeidet skal utførast. Det er viktig for Sunnfjord Energi med tidleg og god informasjon om det planlagde arbeidet. Vi ynskjer difor å vere med i den vidare planprosessen. um tre meter frå vegkant og utanfor vegen si frisiktsone.

Rådmannen sin kommentar

Det er i reguleringsplanen føresegner som tillet etablering av nettstasjon innanfor området. Tiltakshvar er i dialog med Sunnfjord energi om nettbehov for området.

Hafs fiskarlag og Sogn og fjordane fiskarlag, brev datert 17.08.2018

Saken har vært forelagt HAFS Fiskarlag som har følgende merknader.

Det er registrert et aktivt rekefelt ca. 300 meter fra utfyllingsområdet og en låssettingsplass ca. 800 meter fra utfyllingsområdet.

HAFS Fiskarlag krever at det blir stilt krav om at utfylling skjer på en slik måte at minst mulig

partikler slippes ut i sjø ved utfylling.
Sogn og Fjordane Fiskarlag støtter HAFS Fiskarlag sine merknader.

Rådmannen sin kommentar

Merkanden er teken til etterretning. Det er stilt følgjande krav i føresegnene:
Utfylling i sjø skal skje på ein mest mogeleg skånsam måte og i all hovudsak føregå på sein haust og tidleg vinter. Før utfylling i sjø skal det settast opp siltgardiner som tilstrekkeleg hindrar spreiring av finpartiklar som kan vere til skade for livet i sjøen. Utsetting av siltgardin skal gjerast i samråd med fagkyndige.

Sogn og Fjordane fylkeskommune, brev datert 04.07.2018

Vassmiljø

Den regionale planen for vassforvaltning for Sogn og Fjordane (2016-2021) fastset miljømål for Dalsfjorden (ID 0280031000-C). Tilstanden av fjorden og miljømåla er vist i den nasjonale databasen Vann-nett (www.vann-nett.no). Dalsfjorden er registrert med god økologisk tilstand. Fjorden lét difor til å ha nådd miljømålet god økologisk og kjemisk tilstand.

Utbygging av den nye tømmerkaia og nytt næringsareal ved Kvamen må ikkje føre til at vassmiljøet i Dalsfjorden vert dårlegare (vert redusert til dømes frå god til moderat), jf. vassforskrifta vedlegg V punkt 1.2.4.

Det er ynskje om å bruke sprengstein til utfylling i sjø. I føresegnene til planframlegget er det stilt krav til bruk av siltgardin for å hindre utslepp av finpartiklar som kan vere skadeleg for livet i sjøen. Dette er eit akseptert avbøtande tiltak mot partiklar men sprengstein kan óg innehalde nitrogenforbindingar frå sprengstoff. Siltgardin kan ikkje hindre desse stoffa (som kan brytast ned til ammoniakk og nitrat), i å løyse seg opp og lekke ut i vatnet. Ammoniakk er eit giftig stoff for fisk. Grunnstoffet nitrogen i form av nitrat er eit næringsstoff. Unormalt høge tilførsler av nitrogen kan føre til eutrofi og ubalanse i økosystemet i fjorden (til dømes algeoppblomstring). Vi ser ikkje at denne potensielle ureininga har vorte vurdert. Vi rår kommunen til å vurdere om slik ureining kan føre til at miljøtilstanden i fjorden vert negativt påverka, og om avbøtande tiltak er naudsynte.

Vassforskrifta tillét ikkje at tilstanden vert dårlegare, til dømes at den vert redusert frå god til moderat, med mindre det er grunnlag for unntak etter §12 («ny aktivitet eller nye inngrep»).

Vi viser elles til fråsegn frå fylkesmannen og det dei skriv om arbeidet med marint vern for indre delar av Dalsfjorden og at Dalsfjorden ut til Holmedal har status som nasjonal laksefjord.

Rådmannen sin kommentar

Merkanden er teken til etterretning. Det er stilt følgjande krav i føresegnene:
Utfylling i sjø skal skje på ein mest mogeleg skånsam måte og i all hovudsak føregå på sein haust og tidleg vinter. Før utfylling i sjø skal det settast opp siltgardiner som tilstrekkeleg hindrar spreiring av finpartiklar som kan vere til skade for livet i sjøen. Utsetting av siltgardin skal gjerast i samråd med fagkyndige.

Det er og gjennomført ei tilleggsvurdering av mulige påvirkningar på Dalsfjorden som følgje av nitrogenforbindelsar frå sprengstein knytta til utfylling i sjø. Samandrag frå vurderinga:
Det vurderes slik at utfyllingen ikke vil gi konsentrasjoner av nitrogen-forbindelser som vil redusere miljøtilstanden i Dalsfjorden. Mengden av nitrogen som vil bli sluppet ut er relativt lav, utfyllingen er begrenset i mengde og tid, og Dalsfjorden er en stor resipient. Tilførte nitrogenforbindelser vil bli fortynnet. Det er ikke ventet kritisk høye konsentrasjoner av ammoniakk, eller problemer med eutrofiering som en følge av utfyllingen.

Rådmannen si samla vurdering av planframlegget:

Rådmannen vurderer planframlegget til å vere i godt gjennomarbeidd, og at naudsynte endringar etter høyringsperioden er innarbeidd. Det er teke omsyn til innkomne merknadar frå offentlege instansar og private naboar og grunneigarar.

Rådmannen tilrår at kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan for Kvamen, jf. plan- og bygningslova § 12-12.